



Ein god pauseprat med trenar Tommy Eidsvik.

Det vart ein jamn og spennande kamp då 11-årgutelaga til Rosendal og Uskedalen møttest til seriekamp på Heio tirsdag ettermiddag. Dette var toppoppgjeret i pulja då begge laga berre hadde eit tap tidlegare i sesongen. Greitt var det også at det enda uavgjort, sjølv om heimelaget burde rodd sigeren i land då dei leia med 2 mål like før slutt.

Rosendal gjekk tidleg opp i 2 - 0 leiing, men Uskedalsgutane let seg ikkje stoppa av det. Dei jobba godt og viste til tider svært godt spel. Før dei gjekk til pause hadde dei utlikna leiinga til det gode motstandarlaget, og pauseresultatet var såleis 2 - 2.

I løpet av 2.omgang sikra Uskedalen seg ei 4 - 2 leiing, og sigeren verka trykk då kampen nærma seg slutten. Men ein skal aldri ta sigeren på forskot. I sluttminuttane scora Rosendal 2 gonger, og dermed rauk sigeren. 4 - 4.



Første gong i nye drakter, sponsa av SPAR, under fotballcup i Bø.

Det er 12 spelarar på dette Uskedalslaget, og 10 av dei var med på kampen i dag. Det var ein veldig kjekk kamp for tilskodarane som var vitne til både talent og god fotballforståing. Flott innsats var det også. Det er Tommy Eidsvik og Kjetil Myklebust som er trenarar for laget, og dei skal ha sin del av æra for den gode utviklinga. For laget er det også stas å ha flotte, nye drakter. Desse er sponsa av SPAR som nok ein gong støttar opp, og laget fekk dei då dei var på cup i Bø i Telemark for kort tid sidan. Det er flott at spelarane har gode sponsorar. Bra er det også at dei til gjengjeld kan marknadsføra gode lokale støttespelarar når dei spelar kampar.



[Flott dømming av Jostein Soldal.](#)

Ein annan unggut imponerte også. Det var Jostein Soldal som dømde kampen. Han viste god ro og oversikt gjennom kampeinga si. Flott!

Tekst og nett: Thor Inge Døssland

Foto: Kjersti N. Børve og Thor Inge Døssland